



H&M Holding vil komma i gang med byggeprosjektet sitt i haust. Slik ser den gamle bygningen ut frå elva. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Førebels ligg E&M Holding (Alf Eidsvik junior og Trond Myklebust) litt på veret, men byggeprosjektet i sentrum kjem i gang i haust. Det opplyser Eidsvik til uskedalen.no.

Dette har vore eit omstridt prosjekt grunna klaga frå Elin Enes.

Det var i byrjinga av august fylkesmannen avviste klaga frå naboen og ga klarsignal for at E&M Holding kan få byggja på forretnings- og lagerbygget mellom det gamle samyrkelagsbygget og elva. Men i første omgang skal dei renovera leiligheita som ligg mot elva i 2. etasje i dette bygget.

Vedtaket frå fylkesmannen inneber at eigarane får føra opp ein ekstra etasje med saltak på det andre og mindre bygget. Påbygget får ei grunnflate på 70 kvadratmeter.

No har bygningen ein etasje over underetasje og flatt tak. Mønehøgda blir auka frå tre meter til 7,4 meter. I første etasje vil E&M Holding leggja til rette for utleige til næringsverksemd medan det i den nye etasjen vil bli lager og kontor for dei sjølve.